



Inger Elise Helgeland røystar til Soknerådsvalet og Bispedømerådet. Valfunksjonærane er Thor Inge Døssland og Elik Roseth Eik.

**Etter gudstenesta i dag var det førehandsrøysting til det lokale soknerådet. Det var også høve til å røysta på fire lekmenn til bispedømerådet i Bjørgvin. Det føreligg ei liste til soknerådet og tre alternative lister til bispedømerådet. Røysterett har alle døypte medlemmer i Den norske kyrkja. Røystealderen er 15 år, det vil sei alle som fyller 15 år i 2019.**

Førehandsrøystinga er i perioden 14. august til 6. september Røystelokale for førehandsrøysting er i den lokale kyrkja, på kyrkjekontoret i Valen eller på Rådhuset. Uskedalen var fyrst ute med røysting, etter gudstenesta i dag, søndag 18. august. 9 personar nytta høve til å gjera seg ferdig med røystinga i dag.

Alle med røysterett, har motteke valkort. På valkoret er det informert om kva røystekrins du tilhøyrer og dato for hovudrøystinga.

Valfunksjonærar var Thor Inge Døssland og Eli Roset Eik.

Om kyrkjevalet: Sjå kunngjering i lokalavisene

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal